

## HR-2008-1090-A - Rt-2008-920

---

<b>INSTANS:</b>	Noregs Høgsterett - Dom.
<b>DATO:</b>	2008-06-18
<b>DOKNR/PUBLISERT:</b>	HR-2008-1090-A - Rt-2008-920
<b>STIKKORD:</b>	Panterett. Vegfrakttrett. Konkurs. Nordisk speditørforbunds alminnelige bestemmelser - NSAB 2000 - § 14.
<b>SAMMENDRAG:</b>	En speditør holdt tilbake et vareparti for å sikre sitt tilgodehavende i forbindelse med pågående transport og tidligere transporter for et firma som gikk konkurs. Banken som hadde varelagerpant hos firmaet bestred at speditøren kunne ta dekning for allerede gjennomførte transportoppdrag gjennom tilbakeholdsretten. Under henvisning til rettspraksis kom Høyesterett til at kravet om dekning for eldre transportoppdrag gjennom tilbakeholdsrett kunne ha rettsvern i forhold til oppdragsgiverens konkursbo, men ikke i forhold tredjepersoner med tinglyst varelagerpant i godset.
<b>SAKSGANG:</b>	Oslo tingrett TOSLO-2003-14561 - Borgarting lagmannsrett LB-2005-123271 - Høgsterett HR-2008-1090-A, (sak nr. 2007/934), sivil sak, anke.
<b>PARTER:</b>	Schenker AS (advokat Bjørnar Eilertsen - til prøve) og Logistikk- og transportindustriens landsforening (hjelpeintervenient) (advokat Runar Hansen) mot Nordea Bank Norge ASA (advokat Knut Erling Øen - til prøve).
<b>FORFATTER:</b>	Utgård, Kaasen, Tønder, Stang Lund, Coward.

---

- (1) Dommar **Utgård:** Saka gjeld spørsmålet om ein speditør kan gjere gjeldande tilbakehaldsrett i transportert gods føre ein bank sitt varelagerpant, til dekning av uteståande krav etter tidlegare transportar.
- (2) Nordby Gulv AS, som vart stifta i 1982 og fram til 1997 heitte Nordby Engros AS, dreiv hovudsakleg med import av golvbelegg. Opphavleg var det mest import for engrossal i Noreg, men etterkvart utvida selskapet aktiviteten til også å gjelde legging av golv hos sluttbrukar.
- (3) Hovudleverandør for selskapet var Upofloor i byen Nokia i Finland, men det var også leverandørar i mellom anna Sverige, Danmark og Tyskland. Schenker AS - som tidlegare heitte Linjegods AS og Schenker Linjegods AS - var selskapet sin hovudspeditør. Sjølv transporten frå leverandør til mottakar i Noreg var omfatta av oppdraget.
- (4) Nordea Bank Norge AS var banksamband for Nordby Gulv. Banken gav Nordby Gulv ein kassakreditt med grunnlag i første prioritets trygd i varelager og fordringar. Varelagerobligasjonen på 3 000 000 kroner vart 11. mai 2000 tinglyst i Lausøyreregistret.

Etter prioritetsvikingar fekk obligasjonen første prioritet.

- (5) Nordby Gulv vart 26. november 2002 teke under konkursbehandling. Nordea hadde 3 328 155 kroner uteståande ved konkursopninga. Etter å ha utnytta tilgjengeleg trygd for kravet, stod banken att med eit udekt tap.
- (6) Ved konkursopninga hadde Nordby Gulv åtte sendingar under transport frå utlandet med Linjegods som speditør. Fraktkravet for desse transportane var 51 355 kroner. Linjegods hadde også eit udekt krav for tidlegare transportar, som utgjorde 88 097 kroner. Selskapet heldt tilbake godset som var under transport, til sikring av fraktkravet både for desse transportane og for dei tidlegare transportane.
- (7) Som grunnlag for å nytte tilbakehaldsrett viste Linjegods til Nordisk speditørforbunds alminnelige bestemmelser - NSAB 2000 - § 14, som lyder slik:  
« Speditøren har panterett i gods som er under hans kontroll, dels for alle de omkostninger som hviler på godset - vederlag og lagerleie iberegnet - og dels for speditørens samtlige øvrige fordringer på oppdragsgiveren, som vedrører oppdrag etter § 2 foran. »
- (8) I NSAB § 2 er det fastsett at vilkåra også omfattar transport og lagring av gods og andre tenester i tilslutning til dette. Det er ikkje omtvista at det framsette kravet ligg innanfor ramma av § 2.
- (9) Konkursbuet til Nordby Gulv konstaterte at varelageret ikkje ville gi noka dekning til buet, og abandonerte det. Nordea godtok at Linjegods fekk dekning av fordringane som gjaldt dei åtte sendingane som var haldne tilbake, og betalte dette kravet. Nordea meinte derimot at Linjegods ikkje hadde krav på dekning av uteståande for dei tidlegare transportane. For å unngå ytterlegare tap vart partane einige om at Linjegods leverte ut varene, mot at den omtvista summen vart sett inn på sperra konto til endeleg avgjerd av tvisten.
- (10) Linjegods AS reiste deretter 5. november 2003 sak ved Oslo tingrett om retten til inneståande på den sperra kontoen. Tingretten sa dom 14. juni 2005 med slik slutning:  
« 1. Innestående på konto 6401 09 00000 i Nordea Bank Norge ASA kr 88 093,33 samt påløpte renter skal tilfalle Nordea Bank Norge ASA.  
2. I saksomkostninger betaler Linjegods AS til Nordea Bank Norge ASA innen 2 - to - uker en sum, stor kr 43 427,- - kronerførtitretusenfirehundreogtjuesju -, tillagt lovens forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer. »
- (11) Linjegods AS anka til Borgarting lagmannsrett. Logistikk- og transportindustriens landsforening melde seg som hjelpeintervenient. Lagmannsretten sa dom 16. april 2007 ( LB-2005-123271 ) med slik domsslutning:  
« 1. Tingrettens dom stadfestes.  
2. Schenker Linjegods AS og Logistikk- og transportindustriens landsforening dømmes med solidarisk ansvar å betale i saksomkostninger for lagmannsretten til

Nordea Bank Norge ASA 54 200 - femtifiretusentohundre - kroner - innen 2 - to - uker fra forkynnelsen av lagmannsrettens dom, med tillegg av forsinkelsesrente etter lov om forsinket betaling § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer. »

- (12) Schenker AS, som no er namnet på selskapet, har anka vidare til Høgsterett. Logistikk- og transportindustriens landsforening har også for Høgsterett vore hjelpeintervenient. Saka står i hovudsak i same stilling som for lagmannsretten.
- (13) Ankeparten - *Schenker AS* - har særleg halde fram:
- (14) Prinsipalt blir det gjort gjeldande at Schenker vinn rett til inneståande på bankkontoen som ein konsekvens av at selskapet sin koplå tryggingsrett har fått rettsvern før Nordea tinglyste varelagerpantet sitt, og at den koplå tryggingsretten såleis har best prioritet.
- (15) Dette byggjer på at utvida tilbakehaldsrett etter NSAB § 14 var avtala mellom partane, og såleis var bindande mellom desse. Her var avtaletidspunktet avgjerande, og det var allereie i 1992 ved første avtale mellom Linjegods og Nordby Gulv og i alle fall før tinglysinga av varelagerpantet i 2000. NSAB § 14 føreset ombyting av trygd ved langvarige avtalehøve i spedisjonsnæringa, slik at trygda også omfattar tidlegare transportar, i situasjonar der transportar går kontinuerleg eller i alle fall utan store opphald. Nordea var ikkje i aktsam god tru ved etableringa av varelagerpantet, i det banken måtte vere klar over at det her låg føre ein transportavtale. Banken kunne ikkje vere ukjend med NSAB og innhaldet i denne.
- (16) Ein slik koplå tilbakehaldsrett kan ikkje vere avgrensa av føresegna i pantelova § 1-2; partane har avtalefridom. Men alternativt vil det her vere tale om etablering av ein handpanterett med rettsvern etter pantelova § 3-2, i og med at det er tale om stadige ombyte av trygd.
- (17) Subsidiært blir det gjort gjeldande at Schenker vinn rett til inneståande på bankkontoen som ein konsekvens av at det i slike faste og langvarige spedisjonshøve eksisterer ein utvida tilbakehaldsrett for speditøren også for eldre krav, som går før eit tidlegare etablert og tinglyst varelagerpant.
- (18) Grunnlaget for slik utvida tilbakehaldsrett vil vere at innhaldet i NSAB § 14 har status som ulovfesta sedvanerett. Alternativt kan det her vere ein utvida avtala tilbakehaldsrett i slike langvarige avtaleforhold, og det på ein måte som Nordea må reknast å ha godkjent. Og i begge tilfelle vil det vere eit unntak frå konneksitetskravet ved varige og samanhengande kontraktshøve. Transport tilfører meirverdiar, og ein tilbakehaldsrett må då ha prioritet også før eldre rettsstiftingar.
- (19) Det må tilleggjast vekt at NSAB er avtala mellom speditørforeiningane på den eine sida og samanslutningar av transportbrukarar på den andre sida. Det er eit fellesnordisk dokument, slik at oppfatningane også i andre nordiske land har vekt. Og i desse landa er det klar rettsoppfatning at NSAB § 14 gir ein rett som har vern også mot konkurrerande

rettsstiftingar. Det kan endeleg visast til parallellar med kommisjonslova § 32, jf. § 31.

(20)

Schenker AS har sett fram slik påstand:

- « 1. Schenker AS skal utbetales omtvistet beløp som er deponert på kontonummer 6401.09.00000 med tillegg av renter.
- 2. Nordea Bank Norge ASA betaler til Schenker AS saksomkostninger for Oslo tingrett med tillegg av lovens maksimale forsinkelsesrente pro anno fra 1.7.05 inntil betaling skjer.
- 3. Nordea Bank Norge ASA betaler til Schenker AS saksomkostninger for Borgarting lagmannsrett, inklusive ankegebyr og utgifter, med tillegg av lovens maksimale forsinkelsesrente pro anno fra 3.5.07 inntil betaling skjer.
- 4. Nordea Bank Norge ASA betaler til Schenker AS saksomkostninger for Norges Høyesterett etter særskilt omkostningsoppgave, med tillegg av lovens maksimale forsinkelsesrente pro anno fra 14 dager etter forkynnelse av dommen inntil betaling skjer. »

(21)

Hjelpeintervenienten - *Logistikk- og transportindustriens landsforening* - har slutta seg til det ankeparten har gjort gjeldande. Det er særleg framheva at kopla tilbakehaldsrett har rettsvern i dei andre nordiske landa, og at dette talar for at dette også må vere tilfelle i Noreg. I tillegg er det vist til at det vil skape store praktiske vanskar - og også vere kostnadsdrivande for transportbrukarane - dersom krav ikkje kan sikrast gjennom utvida tilbakehaldsrett, men det eventuelt må krevjast kontant betaling. Ein stor del av krava frå speditørane gjeld kostnader for andre tenester og for sjølve transporten og også betaling til andre, jf. NSAB § 2.

(22)

Logistikk- og transportindustriens landsforening har sett fram slik påstand:

- « 1. Schenker AS skal utbetales omtvistet beløp som er deponert på kontonummer 6401.09.00000 med tillegg av renter.
- 2. Nordea Bank Norge ASA betaler til Logistikk- og transportindustriens landsforening saksomkostninger for Høyesterett med tillegg av lovens maksimale forsinkelsesrente pro anno fra 14 dager etter forkynnelsen av dommen inntil betaling skjer. »

(23)

Ankemotparten - *Nordea Bank Norge ASA* - har særleg halde fram:

(24)

For at den prinsipale synsmåten frå Schenker skal kunne føre fram, må det vere etablert ein avtale etter NSAB for dei strekningane det tilbakehaldne godset vart transportert på, før Nordea etablerte varelagerpantet i mai 2000. Dette var ikkje tilfelle. Dei tidlegare avtalane hadde avgrensa geografisk verkeområde og omfatta ikkje strekningane som er aktuelle i saka no.

(25)

Den aktuelle tryggingsretten for Schenker vart i alle tilfelle stifta først når Schenker i 2002 fekk kontroll over godset som var under transport på konkurstidspunktet. Kva som var situasjonen mellom partane, er i så måte ikkje av interesse. I høve til andre har ein kopla

tilbakehaldsrett, eventuelt ein utvida handpanterett, ikkje rettsvern ut frå reglane i pantelova.

(26)

Nordea kan ikkje i noko tilfelle lastast for ikkje å ha undersøkt nærare om det låg føre ein særleg tryggingsrett for inkonnekse krav som gjaldt transport. Ein bank må ved etablering av eit varelagerpant stort sett kunne byggje på det som er tinglyst. Tilbakehaldsrett for vederlaget for varene under transport på konkurstidspunktet står likevel i ei anna stilling, og dette kravet har banken akseptert.

(27)

Til den subsidiære synsmåten frå Schenker kan det visast til at det ikkje er dekning for at ein kopla tilbakehaldsrett i høve til tredjepersonar er gjeldande som sedvanerett. Om så blir lagt til grunn i Danmark og Sverige, er meir enn tvilsamt. Men dette vil i Noreg i alle tilfelle vere i strid med pantelova § 1-2 andre ledd. Det talar også mot utvida tilbakehaldsrett at dei vilkåra som er stilte opp av ankeparten, er kompliserte og vil vere prosessdrivande. Ein eventuell kopla tilbakehaldsrett vil heller ikkje ha prioritet før eit varelagerpant i og med at transport ikkje inneber verdiauke av godset. Nordea har ikkje - heller ikkje implisitt - godteke å stå bak Schenker sin tryggingsrett.

(28)

Nordea Bank Norge ASA har sett fram slik påstand:

« 1. Lagmannsrettens dom stadfestes.

2. Nordea Bank Norge ASA tilkjennes saksomkostninger for Høyesterett, med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer. »

(29)

**Eg er komen til** at anken ikkje fører fram.

(30)

Partane er ueinige om faktum med omsyn til når NSAB vart gjort til del av avtale mellom partane. Transportavtalen frå 1992 gjaldt såleis transport frå byen Nokia i Finland, medan fakturaene som blir kravde dekt etter den kopla tryggingsretten etter NSAB § 14, gjeld transport frå andre stader. Det er ikkje klarlagt i kva grad det mellom 1992 og 2002 var andre tilsvarende avtalar, eventuelt med eit vidare verkeområde. Det følgjer under alle omstende av Rt-1973-967, som gjaldt dågjeldande NSAB § 16 som svarar til no gjeldande § 14, at fraktkontrakt « i mangel av annan avtale anses inngått på bransjens vanlige vilkår ». Når dessutan den einaste funne avtalen viser til NSAB, kan eg ikkje sjå at det kan vere tvilsamt at § 14 må reknast å ha vore gjeldande mellom Nordby Gulv og Linjegods for alle transportar, også før Nordea fekk varelagerpant.

(31)

Det grunnleggjande spørsmålet i saka er om den kopla tilbakehaldsretten etter NSAB § 14 også har rettsvern i høve til konkurrerande rettshavarar, som her Nordea med tinglyst varelagerpant. Som eg tidlegare har omtala, gir denne føresegna tilbakehaldsrett ikkje berre for den igangverande transporten, men tilbakehaldsretten blir « kopla » også til tilgodehavande for tidlegare transportar. Det er i saka ikkje tvist når det gjeld tilbakehaldsrett for vederlag for den igangverande transporten.

(32)

Eg har alt vore inne på dommen i Rt-1973-967. I dommen vart ordninga i noverande NSAB § 14 godteken mellom speditøren og konkursbuet. I denne saka stod ikkje konkursbuet i noka anna stilling enn debitor sjølv. Dommen gir såleis ikkje noka rettleiing når det gjeld

tredjepersonkonfliktar mellom fleire avtala - eller sedvanerettsgrunna - rettar. Eg viser til omtalen av dommen i Rt-1985-298 . Denne sistnemnde dommen er derimot av interesse. Dommen gjaldt konflikt mellom eit gyldig stifta eigedomsatterhald med rettsvern mot tredjepersonar og ein rett etter NSAB § 14. Det heiter der:

« I den nevnte dom [ Rt-1973-967 ] er lagt til grunn at § 14 bygger på gammel praksis, og at man har med en innarbeidet bransjeregulering å gjøre. I rettslitteraturen har dette gitt grunnlag for å betegne sikkerhetsretten som en 'legal' rett. Jeg finner imidlertid ikke noen veiledning i en slik karakteristik. Sikkerhetsretten inngår som ledd i et avtalesforhold, og de spørsmål som gjelder rettsvern eller prioritet i forhold til andre rettighetshavere i godset, må etter min mening løses med utgangspunkt i de synspunkter som generelt anvendes når det oppstår konflikt mellom flere avtalte rettigheter.

Jeg finner det naturlig å ta utgangspunkt i at man står overfor et gyldig stiftet eiendomsforbehold med rettsvern overfor tredjemann. Jeg nevner at avtalen om eiendomsforholdet ble inngått før de nye regler i panteloven § 3-17 om rettsvern for salgspant, var trådt i kraft.

På samme måte som lagmannsretten kan jeg ikke se noen grunn til at speditørens sikkerhetsrett i anledning tidligere transporter skal kunne fortrenge dette eiendomsforbehold. »..

(33)

Også saka i Rt-1995-990 er av interesse. Der gjorde ei fiskeforedlingsbedrift gjeldande å ha tilbakehaldsrett i fisk som var under foredling i bedrifta, også for tilgodehavande for arbeid med tidlegare utleverte varer, etter at oppdragsgivaren - eit eksportføretak - gjekk konkurs. Ein bank som hadde varelagerpant hos eksportføretaket, godtok ikkje tilbakehaldsrett for anna enn arbeid på fisken som var under foredling. Banken fekk medhald. Høgsterett uttala at ved

« konflikt mellom to sikkerhetsretter i samme gjenstand, er regelen at den rett som først har fått rettsvern, går foran. Fra dette gjøres det unntak når tilbakehaldsrett gjøres gjeldende for verdiøkning tilført vedkommende gjenstand. ...  
. »

(34)

Det vart ikkje godteke ein kopla tilbakehaldsrett slik fiskeforedlingsbedrifta kravde for parti som var leverte tidlegare. Dette er såleis i alle fall ikkje nokon alminneleg regel. I dommen er det også vist til kritikk mot 1973-dommen frå Brækhus i Pant og annen realsikkerhet, Omsetning og kreditt, 1988, side 510. Etter mitt syn viser dommane frå 1985 og 1995 at avgjerda i 1973 ikkje utan vidare kan gjelde utanfor akkurat den situasjonen dommen gjaldt.

(35)

Eg går ikkje inn på dei nærare vilkåra for å nytte tilbakehaldsrett for arbeid eller tenester på varer som er under kontroll av tilbakehaldaren på det aktuelle tidspunktet, såleis heller ikkje vilkåret om verdiauke.

(36)

Som alt framheva gjaldt dommen i 1973 ei konflikt mellom speditør og konkursbuet til oppdragsgivaren. 1985-dommen gjaldt derimot tilhøvet mellom speditøren og ein eldre rettshavar til godset. I det høvet kunne ikkje speditøren nytte den kopla tilbakehaldsretten som var avtala. Tilhøvet der var temmeleg parallelt med det i vår sak, sjølv om det var tale om eit eldre eigedomsatterhald - frå før pantelova av 1980 - i staden for eit varelagerpant. Etter mitt syn er det derfor ikkje dekning for å seie at rettspraksis har godteke rettsvern for

ein kopla tilbakehaldsrett.

(37)

Etter pantelova § 1-2 andre ledd kan avtale om panterett berre stiftast rettsgyldig der dette har heimel i pantelova eller i anna lovføresegn. Tilbakehaldsrett er grunna på ein generell og ulovfesta sedvanerettsregel som ikkje krev lovheimel, jf. Skoghøy, Panterett, 2008, side 316. Ved Høgsteretts dom i Rt-1973-967 er det godteke kopla tilbakehaldsrett i høve til konkursbuet til oppdragsgivar, men det inneber etter mitt syn ikkje utan vidare at ordninga bør godtakast i høve til tredjepersonar generelt. Som framheva i Rt-1995-990 gjer det seg gjeldande sterke motomsyn « mot å gjennomføre et slikt synspunkt i forhold til eldre rettighetshavere. Her må hensynet til klarhet og sikkerhet i kredittforhold tillegges betydelig vekt ». I den same dommen er elles retten etter NSAB § 14 karakterisert som ein kombinert tilbakehalds- og panterett. Utan å gå inn på dei nærare grensene for pantelova § 1-2 andre ledd i høve til ein kopla tilbakehaldsrett, er det etter mitt syn klart at denne føresegna med styrke talar for at ein kopla tilbakehaldsrett ikkje kan ha rettsvern mot tredjeperson. I realiteten inneber også ein kopla tilbakehaldsrett sikring i eit tingssamband, på ein måte som er i strid med reglane som gjeld for slik etablerting, til dømes som varelagerpant.

(38)

Eg kan ikkje sjå at reglane i kommisjonslova § 32, jf. § 31 om panterett for salskommisjonæren, har noko å seie for løysinga i vår sak. Til det er situasjonane for ulike.

(39)

Frå Schenker og også frå hjelpeintervenienten er det sterkt framheva at det vil vere kostnadsdrivande om det ikkje blir høve til kopla pant, i det transportkjøparane då må betale kontant eller eventuelt stille bankgaranti. Eg kan for min del ikkje sjå at det er særlege omsyn i så måte for den som leverer ei transportteneste samanlikna til dømes med dei som leverer varer. Speditørane har dessutan fått godteke at kopla tilbakehaldsrett gyldig kan avtalast mellom partane, og sjølv om rettsvern manglar, er det ein klar føremon samanlikna med situasjonen for andre.

(40)

Schenker har vist til at NSAB er fellesnordiske reglar, og gjort gjeldande at desse mest moglege bør forståast likt. Det er også gjort gjeldande at kopla tilbakehaldsrett er godteken i dei andre landa. Rettsreglane for pant og tryggingsrettar er ulike på mange felt, og det er avgrensa kor viktig det er med felles nordisk løysing akkurat med omsyn til kopla tilbakehaldsrett. Spørsmålet har vore drøfta i nordisk teori, med litt ulike syn. Det er ikkje opplyst at nokon av dei nordiske høgsterettane har behandla spørsmålet i høve til tredjepersonkonfliktar. Eg kan i denne situasjonen ikkje sjå at det er grunnlag for å seie at omsynet til lik forståing kan telje i den eine eller den andre retning.

(41)

Banken hadde ikkje på nokon måte kontakt med Schenker i samband med transportane i slutfasen før konkursen. Eg kan heller ikkje sjå at det i det heile er gjort gjeldande handlingar frå banken si side som gjer at banken kan seiast å ha godteke ei ordning med kopla tilbakehaldsrett. Det kan då ikkje vere grunn til at banken med sitt varelagerpant skal stå attende for den kopla tilbakehaldsretten. Eg finn støtte for dette resultatet i Rt-1995-990, der det også frå foredlingsbedrifta var reist spørsmål om ei slik ordning, utan at dette var avklara med banken. Foredlingsbedrifta måtte sjølv ta ansvaret for manglande avklaring.

(42)

Det er såleis mitt syn at Schenker ikkje har rettsvern for sin kopla tilbakehaldsrett. Den kan då ikkje gjerast gjeldande mot ein tredjeperson som Nordea. Med dette blir det ikkje nødvendig å ta stilling til dei andre spørsmåla som partane har reist.

(43)

Anken har ikkje ført fram. I samsvar med hovudregelen i tvistemålslova § 180 første ledd bør ankemotparten då tilkjennast sakskostnader for Høgsterett. Det ligg ikkje føre særlege omstende som gir grunn til avvik frå hovudregelen. Nødvendige sakskostnader bør i samsvar med oppgåve fastsetjast til 168 126 kroner. Av dette er 160 000 kroner salær og resten utlegg. Det er ikkje grunn til å endre sakskostnadsavgjerda for dei tidlegare rettane.

(44)

Eg røystar etter dette for slik dom:

1. Lagmannsrettsdommen blir stadfesta.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler Schenker AS og Logistikk- og transportindustriens landsforening ein for begge og begge for ein til Nordea Bank Norge ASA 168 126 - eitthundreogsekstiåttetuseneitthundreogtjueseks - kroner innan 2 - to - veker frå forkynninga av denne dommen, med tillegg av forseinkingsrente etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd frå forfall til betaling skjer.

(45)

Kst. dommer **Kaasen**: Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.

(46)

Dommer **Tønder**: Likeså.

(47)

Dommer **Stang Lund**: Likeså.

(48)

Dommer **Coward**: Likeså.

(49)

Etter røystinga sa Høgsterett slik

*dom:*

1. *Lagmannsrettsdommen blir stadfesta.*
2. *I sakskostnader for Høgsterett betaler Schenker AS og Logistikk- og transportindustriens landsforening ein for begge og begge for ein til Nordea Bank Norge ASA 168 126 - eitthundreogsekstiåttetuseneitthundreogtjueseks - kroner innan 2 - to - veker frå forkynninga av denne dommen, med tillegg av forseinkingsrente etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd frå forfall til betaling skjer.*